

Møtereferat

| | | |
|---|---|----------------------------------|
| Møte nr. 5 i: Førebuande fellesnemnd (FF) | Dato: 24.04.2017 | Tid: Kl. 09.00 – 11.45 |
| Møteleiar: Ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjorøy (AP). | Stad: Kollsnes-anlegget i Øygarden kommune | |
| Medlemer som møtte: <u>Fjell kommune</u> : Hilde Lohmann Sandal (AP), Tom Georg Indrevik (H), Ernst M. Einarsen (H), Anita Garlid Johannesen (FrP), Odd Bjarne Skogestad (KrF), vara Elna Nybakk (SL). <u>Øygarden kommune</u> : Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP), Ingrid Toft (H). <u>Sund kommune</u> : Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), Jogeir Sognnæs (AP), May Elin Limevåg (FrP), Kjell Arve Vorland (SP). | Forfall: Egil Haaland (AP) – ingen vara. Svein Bergh (SL). | |
| Tillitsvalte med observatørstatus, tale- og forslagsrett: Trude Erstad Villanger (HVO Fjell), Hildegunn Høyland (Fagforbundet), Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet). | | |
| Andre: Koordinator for førebuande fellesnemnd Lillian Torsvik, rådmann Siri Fahlvik Pettersen i Øygarden, rådmann Rune Lid i Sund, seniorrådgjevar Willy Sørensen, prosessretteliar Ole Bakkebø frå Fylkesmannen i Hordaland. | | |
| Referent: Unni Rygg | | |

| Saksnr | Sakstittel |
|--------|--|
| 20/17 | Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknader. |
| 21/17 | Godkjenning av referat frå førre møte 27.03.2017 Referat frå førre møte, 27.03.2017, vart godkjent med følgjande merknad og avklaring: Tillitsvalte Hildegunn Høyland viste til at det under sak 13/17 står at kompetansekartlegging av tilsette kan starte allereie no – er dette ei formell bestilling til personalavdelinga i dei tre kommunane? Koordinator for Førebuande fellesnemnd, Lillian Torsvik, presiserte at det ikkje var meint som ei formell bestilling men at det vart peika på ei oppgåve som er nemnt i den nye kommunen si intensjonsavtale og som personalsjefane |

| | |
|-------|---|
| | kan starta med å førebu. |
| 22/17 | Presentasjon av gjennomført kartlegging selskapsstruktur v/rådmann Rune Lid Lid viste til vedlagte notat og oversikt der selskapsstrukturen i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden er kartlagt av ei administrativ arbeidsgruppe. Oversikta må ajourførast kontinuerleg ved endringar. I oversikta vert dei ulike selskapsformene presentert, med sine karakteristika, og alle selskapa i kommunane vert plassert i den selskapsforma dei høyrer heime. Som ein del av kartlegginga viser notatet til vegen vidare, kva tenestefelt som det kan vere viktig at kommunane tek stilling til framtidig løysing for, t.d. Vatn og avlaup, Renovasjon og Bustader. <i>Etter presentasjonen stilte Ernst M. Einarsen spørsmål om kva tenestefelt som arbeidsgruppa vil tilrå må vere ferdige og tatt stilling til innan 1.1.2020, og om arbeidsgruppa kan rádføre seg med fylkesmannen for å få vite kva som er gjort i andre tilsvarende kommunar som er i prosess med å slå seg saman. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy var samd i at arbeidsgruppa kan fortsetja arbeidet med å ta spørsmålet vidare til fylkesmannen, og deretter utarbeida forslag til ei prioriteringsliste.</i> |
| 23/17 | Status tilsetting av prosjektleiar v/Børge Haugetun Haugetun viste til at det skal vere oppstartsmøte i tilsettingsutvalet 26.april kl. 13-15, og følgjande tillitsvalte skal vere med i tilsettingsutvalet – Hildegunn Høyland frå Sund kommune, Vibecke Hodnekvam frå Øygarden kommune og Nina Zandstra frå Fjell kommune. Tillitsvalte Vibecke Hodnekvam viste til at det også skal vere seminar for nemnda den 26.april, og møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy oppmoda deltakarar på seminaret om å avbryte seminaret i nemnte tidsintervall og prioritere oppstartsmøtet i tilsettingsutvalet. Det vart elles stilt spørsmål om lønnsnivået til prosjektleiar, noko som leiargruppa vil kome tilbake til på eit seinare tidspunkt. Ifølgje tidsplanen vil Førebuande fellesnemnda tilsetja prosjektleiar i møtet 16.juni. |
| 24/17 | Seminar 4 den 26. – 27. april på Scandic Bergen Airport, Flesland med tema: «Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis» med påmeldingsfrist 24.mars, utsett til 31. mars v/Børge Haugetun Haugetun viste til at det blir lagt ut presentasjon frå seminar nr. 4, 26.-27.april, på lik line med tidlegare seminar for kommunar som skal slå seg saman. 7 medlemer av Førebuande fellesnemnda har meldt seg på seminar nr. 4 – Ingrid Toft og Silvia Haugland frå Øygarden kommune, Nils Kåre Skoge frå Sund kommune, Tom Georg Indrevik frå Fjell kommune og tillitsvalte Hildegunn Høyland, Vibecke Hodnekvam og Trude Erstad Villanger. Tillitsvalte Vibecke Hodnekvam viste til tidlegare informasjon om at fellesnemnda har 15 gratis plassar tilgjengelege for deltaking på kvart seminar, og stilte spørsmål ved om nokon frå sekretariatet passar på å informere dersom det er ledige plassar igjen. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at kvar og ein frå den Førebuande fellesnemnda kan melde seg på seminarrekka, men at det ikkje er ressursar til å halde nemnda orientert om eventuelle ledige plassar. Bjørøy presiserte også at det vil vere opp til den einskilde rådmannen, i den einskilde kommune, om fleire enn nemnda sine representantar skal delta på desse seminara. |

| | |
|-------|---|
| | |
| 25/17 | <p>Opplegg for gjennomføring av framtidsseminar 15.05.17 v/Marianne Sandahl Bjarøy</p> <p>Invitasjon til Framtidsseminar 15.mai er sendt ut på e-post, med lenkje til påmeldingsnettside. Koordinator for Førebuande fellesnemnda, Lillian Torsvik, informerte om at påmeldingsfristen er fredag 28. april slik som det står i invitasjonen. Alle som melder seg på seminaret vil få ei personleg melding på e-post med ein app som dei kan laste ned på mobilen, og der program og deltakarliste vil ligge. Det vil og vere høve til å stille spørsmål til føredragshaldarar gjennom app'en under foredragene. Dette vil dei påmeldte få nærmere informasjon om i eigen e-post før seminaret.</p> |
| 26/17 | <p>Førebuing til felles kommunestyremøte v/Kari-Anne Landro</p> <p>Det er lagt opp til felles kommunestyremøte på Panorama Hotell & Resort onsdag 21.juni kl. 9-12, og deretter separate kommunestyremøter på Panorama fra kl. 13-15. I desse møta skal det leggjast fram saksframlegg, med tilråding frå Førebuande fellesnemnd, i samsvar med notatet som ligg ved denne saka – «Førebuing til felles kommunestyremøte».</p> <p>Etter førespurnad frå Ernst M. Einarsen vart Førebuande fellesnemnd samde om å ta med i protokollen eventuelle endringsframlegg som måtte kome under avstemminga i sak 26/17, slik at både endringsframlegg og tilråding kan takast med i saka som skal utarbeidast til felles kommunestyremøte 21.juni.</p> <p>Det vart deretter stemt over dei ulike punkta såleis:</p> <ul style="list-style-type: none"> • § 25 a) – <i>Førebuande fellesnemnd tilrår at namnet på den nye kommunen vert Øygarden kommune:</i> <p>Anita Garlid Johannessen (FrP) sa munnleg at ho ønskte å ha med ein <u>protokolltilførsel</u> om prosessen med namn på den nye kommunen til referatet, men slik skriftleg protokolltilførsel vart ikkje lagt fram i møtet. Fleire av nemnda sine medlemer peika på at namnevalet har blitt handert demokratisk i kommunestyra, og at representanten bør kome opp med eit alternativ namneval når saka skal vedtakast i kommunestyremøtet 21.juni. Det vart stemt over namnealternativet «Øygarden kommune», som vart tilrådd med 12 røyster, mot 4 røyster (mindretallet: 1 SL Fjell, 1 FrP Fjell, 1H Sund, 1 FrP Sund). Namnevalet Øygarden kommune vert såleis tilrådd til kommunestyret.</p> <ul style="list-style-type: none"> • § 25 b) – <i>Førebuande fellesnemnd gjev slik tilråding i samsvar med Intensjonsavtalen:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det nye kommunestyret skal vera samansett av 45 medlemmar</i> • <i>Det nye formannskapet skal vera samansett av 11 medlemmar</i> • <i>Det vert lagt opp til gjennomgående representasjon med fire hovudutval med 9 medlemmar i kvart hovudutval</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Oppvekst og kultur</i> ○ <i>Helse og omsorg</i> ○ <i>Nærings- og samfunnsutvikling</i> |

- *Areal og plansaker:*

Under punktet om samansetjinga av kommunestyret, formannskapet og fire hovudutval vart det stilt spørsmål om hovudutvala har innstillingsrett til kommunestyret, og det vart avklart at dette spørsmålet må Fellesnemnda koma attende til i reglement om delegasjon. Nemnda var elles **samrøystes** i å **tilrå** punktet i tråd med det som går fram av Intensjonsavtalen.

- §25 b) - *Førebuande fellesnemnd tilrår elles følgjande lovbestemte utval:*
 - *Administrasjonsutval med 7 medlemmar, 4 politiske medlemmer og 3 medlemmer frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmane skal vera medlemmar i kommunestyret.*
 - *Kontrollutval med 7 medlemmar, 3 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar*
 - *Elderråd med X medlemmar (politikarar og interesseorg. for eldre som har fleirtal)*
 - *Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne med X medlemmar (politikarar og interesseorg. som har fleirtal)*
 - *Forliksråd med 3 medlemmar*
 - *Fellesnemnda får i tillegg fullmakt til å oppretta andre utval etter behov (UKS, Landbruksnemnd, Likestillings- og diskrimineringsutval, m.v.):*

Det kom spørsmål frå Vibecke Hodnekvam om det vil vere mogleg å auke talet på samansetjinga av administrasjonsutvalet til 9, inkludert 4 representantar frå dei tilsette sine organisasjonar og såleis med ein frå kvar paraplyorganisasjon. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at det ikkje vil vere mogleg at alle kan representerast i alle utvala og at både politikarar og tillitsvalte stundom må finne ein representant som kan tale på vegne av fleire. Det kom forslag frå Tom Georg Indrevik om å tilrå at elderrådet skal ha 7 medlemer, der tre medlemer vert valt direkte frå kommunestyret og fire medlemer vert valt etter forslag frå pensjonistlaga, og at kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne også skal ha 7 medlemer, med to medlemer valt frå kommunestyret og dei resterande fem medlemene frå brukarorganisasjonane. Det vart deretter stemt over punkt § 25 b), og nemnda var **samrøystes** i å **tilrå** samansetjinga for administrasjonsutvalet, kontrollutvalet og forliksrådet slik som omtalt i notatet, og nemnda var **samrøystes** i å **tilrå** samansetjinga av elderrådet og kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne i samråd med framlegget frå Tom Georg Indrevik.

- § 25 c) – *Førebuande fellesnemnd tilrår:*
 - *Medlemane i Førebuande fellesnemnd vert valt til den formelle fellesnemnda*
 - *Varamedlemmar vert valt etter reglane i kommunelova etter forhåndstalsval eller avtaleval, jfr. lovteksten.*
 - *Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar(ar)*
 - *Det vert oppretta eit partssamansett utval etter kommunelova §25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. Det partssamansette utvalet får slik*

samansetjing::

Dette punktet omhandlar om medlemene i den formelle fellesnemnda, val av varamedlemer, leiar og nestleiar, og oppretting av partssamansett utval med slik samansetjing – 17 medlemer i fellesnemnda og 6 tillitsvalte, jf. Intensjonsavtalen. Førebuande fellesnemnda var **samrøystes** i å **tilrå** dette punktet.

- § 25 c)
 - *Det skal utarbeidast eit reglement for fellesnemnda*
 - *Fellesnemnda får fullmakt frå kommunestyret til å tilsetja administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.*
 - *Fellesnemnda får fullmakt til å ta avgjerd om sekretariat for kontrollutvalet, etter innstilling frå kontrollutvala*
 - *Fellesnemnda kan gje eit arbeidsutval mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art:*

Dette punktet omhandlar reglement for fellesnemnda, tilsetting av administrasjonssjef og revisor m.m., og nemnda var **samrøystes** i å **tilrå** punktet slik det låg i notatet.

- § 25 d)
 - *Førebuande fellesnemnd tilrår at XX kommune sin revisor vert valt som revisor for verksemda i fellesnemnda og at rekneskapen for fellesnemnda vert ført av XX kommune:*

Det kom framlegg frå Silvia Haugland om at Fjell kommune sin revisor skal halde fram og at Fjell kommune framleis fører rekneskapen på vegne av fellesnemnda slik det er vedteke i kommunestyra når det gjeld Førebuande fellesnemnd. Forslaget frå Silvia Haugland vart **samrøystes tilrådd**.

- § 25 e)
 - *Førebuande fellesnemnd tilrår at fellesnemnda får fullmakt til å oppretta eventuelle andre fellesorgan etter behov for å sikra gjennomføringa av samanslåinga:*

Dette punktet omhandla oppretting av eventuelle andre fellesorgan, og nemnda var **samrøystes** i å **tilrå** punktet til kommunestyret slik det ligg i notatet.

- *Vidare førebuing til kommunestyremøtet 21.juni –*
 - *Førebuande fellesnemnd ber sekretariatet om å utarbeida aktuelle felles saksframlegg i samsvar med Inndelingslova §25 og §26 til felles kommunestyremøte 21. juni, med påfølgjande kommunestyremøte i Fjell, Sund og Øygarden kommunar. Førebuande fellesnemnd sine tilrådingar skal innarbeidast i saksframlegga.*
 - *Oversyn over førebuande fellesnemnd sitt arbeid skal følgja saksframlegga*

| | |
|--------------|--|
| | <p><i>til kommunestyremøta 21. juni 2017.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Førebuande fellesnemnd tek atterhald om Stortinget si godkjenning av kommunesamanslåinga:</i> <p>Førebuande fellesnemnd var samrøystes i å tilrå punktet til kommunestyret slik det ligg i notatet.</p> |
| 27/17 | <p>Politiske føresetnader for etablering av den nye kommunen (Intensjonsavtalen ligg til grunn) – Gruppearbeid v/Marianne Sandahl Bjørøy</p> <p>Grunna tidsnauð fekk ikkje Førebuande fellesnemnd behandla saka. Saka vert eventuelt sett opp att på sakskartet til siste møte 16. juni.</p> |
| 28/17 | <p>Ymse</p> <p>Ny møtedato for Førebuande fellesnemnd er <u>16.juni</u> kl. 9-12, på Fjell rådhus. Anita Garlid Johannessen (FrP) meldte forfall til møtet.</p> <p>Tillitsvalte Trude Erstad Villanger tok opp informasjon til tilsette, om arbeidet i Førebuande fellesnemnda mot kommunesamanslåinga, og viste til at dei tillitsvalte ynskte å supplere informasjonen frå informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke med eit eige nyheitsbrev for å sikre god prosess. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at det vil kunne gjerast vedtak om informasjonsarbeidet når ei formell fellesnemnd er nedsett. Det vart også vist til at prosjektleiar vil kunne utarbeide ein intern kommunikasjonsplan.</p> |
| | <p>Kl. 12.00 – 13.00: Lunsj og presentasjon av Kollsnes-anlegget v/Olav Bådsvik</p> <p>Etter møtet i Førebuande fellesnemnd vart nemnda tatt med til lunsj og fekk presentert dei to store anlegga i Øygarden, Kollsnes prosessanlegg og Stureterminalen v/ plass-sjef Olav Bådsvik og kommunikasjonsleiar Kjersti Nordøy.</p> |